



John Roald Fløysand
Elvavegen 3 B
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2724 - 18/25256

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
30.11.2018

GBNR 23/548 Frekhaug - Godkjenning av oppdeling i næringsseksjoner

Administrativt vedtak. Saknr: 328/2018

Saksutgreiing:

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 23/548 i Meland.

På eigedommen er det gitt ferdigattest til nyleg oppført større garasjebrygg med 3 garasjer. Bygget går over eitt plan og kvar brukseining har eigen inngang og er klart avgrensa mot kvarandre med deleveggar i bygget.

Alt areal på eigedommen utanfor bygningskroppen er fellesareal for dei 3 seksjonane.
Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiet Felles Garasje Elvavegen, gnr.23 bnr 584.

Vurdering:

Søknad om seksjonering er innsendt i 3 eksemplar og har følgjande vedlegg:

- Situasjonskart som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av seksjonane.
- Planteikningar av garasjen der seksjonsnummara er tydeleg påskrive.
- Vedtekter for sameiet Felles Garasje Elvavegen, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er sendt inn av John Roar Fløysand som er ein av 3 eigarar, men er signert av alle som eig eigedommen.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner, i medhald av § 9 i Lov om eigarseksjonar, begjæring om oppdeling i 3 eigarseksjonar for sameiget Felles Garasje Elvavegen, gnr.23 bnr 584 , på grunnlag av situasjonsplan, planteikningar og vedtekter.

Seksjonsnr. 1 - 3 er likeverdige næringsseksjonar med sameigebrøk 1/3 kvar. Dei enkelte seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med skillevegg mellom dei enkelte garasjane i bygningen og direkte inngang til kvar seksjon.

Utearealet på eigedommen er fellesareal for dei 3 seksjonane».

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Meland kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 2 seksjonar kr 7100,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

